



MELAND KOMMUNE

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Waldegruppen AS
v/Håkon Nesheim
Frekhaug senter
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.
Vår ref. JED

Journalp.ID 12/10268
ArkivsakID 12/1440
Arkiv nr. N-135.3

Dato 16.07.2012

OVERTAKING AV VATN OG AVLAUP I MJÅTVEITMARKA BUSTADFELT OG FRAMTIDIG DRIFT AV DESSE.

Krav om opparbeiding av hovudleidningar for vatn og avlaup og kommunal overtaking.

Meland kommune syner til tidlegare godkjent reguleringsplan med godkjente VA-teikningar.

Ved etablering av nytt vassleidningsnett skal følgjande tiltak utførast og dokumenterast på vassleidningen før vatn vert levert til abonnent.

- Reingjering og fjerning av framanddelar (pluggkjøring og røyrinspeksjon).
- Kloring.
- Tettleiksprøving (jf. VA miljøblad nr. 25 og NS-EN 805).

Tilsegn om overtaking

Viser til plan- og bygningslova § 18-1, 5. ledd.

Før overtakingsynfaring kan haldast skal følgjande sluttdokumentasjon vera innsendt til Avdeling for eigedom, anlegg og beredskap:

- Innmålingsdata (koordinatliste for leidningar og kummar m.v.) Innmålingsdata skal leverast i digitalt format.
- Teikningar over ferdigstilt anlegg.
- Dokumentasjon om desinfisering av vassleidning.
- Dokumentasjon tettleikskontroll for vassleidning.
- Dokumentasjon på at vassleidningen er fri for framanddelar (pluggkjørt og evt. Røyrinspisert) ved tilknytning.
- Alle vasskummar skal vere godt drenert, slik at det ikkje er fare for oppsamling av vatn.
- Alle private vassleidningar/fellesstikk skal vere tilknytt i kum.
- Alle endearmatur i kummar skal vere tilrettelagt for pluggkjøring/utspyling.

- Dokumentert tettleikskontroll for spill- og overvassleidning (fullstendig rapport i hht VA – miljøblad nr. 24 og NS 1610.
- TV – inspeksjonsrapport med video/DVD for spill- og overvassleidning. Rapporten skal vere i samsvar med VA-miljøblad nr. 51 pkt. 4.2 eller tilsvarende detaljert registreringssystem.
- Kopi av kontrollerklæring frå ansvarleg utførande.
- Tinglyst erklæring.

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Anny Bastesen
kommunalsjef

Jens Erik Dahl
Drifts- og vedlikehaldsleiar



MELAND KOMMUNE

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Waldegruppen AS
v/Håkon Nesheim
Frekhaug senter

5906 FREKHAUG

Dykkar ref.	Journalp.ID	12/10267	Dato	16.07.2012
Vår ref. JED	ArkivsakID	12/1440		
	Arkiv nr.	N-135.3		

OVERTAKING AV VEGAR I MJÁTVEITMARKA BUSTADFELT OG FRAMTIDIG KOMMUNAL DRIFT.

Kommunestyret har i møte 23.05.2012, sak 052/12, gjort vedtak om at vegar som er regulert for ålmenn ferdsel innafor reguleringsområdet i Mjåtveitmarka skal ha status som kommunale vegar med kommunal drift. Dette gjeld Veg 1 med fortau fram til kryss med veg 1.4, Veg 1.3, Gs-veg nr 1, Veg 2 med fortau, Veg 3 med fortau og Veg 4 med fortau. Syner til godkjent reguleringsplan og utbyggingsavtale pkt. 5,2.

Overvatn og grøfter

Asfaltdekke på vegane skal leggjast med fall slik at overvatn uhindra vert ført vekk frå vegbana til sluk.

Veglys

Meland kommune føreset at veglysanlegget vert ein integrert del av BKK sitt forsyningsanlegg. Alle lysmaster og fundament må plasserast utanfor fortausareal, slik at fortaua har ein gjennomgåande breidde.

Avkjørslane

Statens vegvesen Håndbok 017 veg og gateutforming (HB027) og Håndbok 263 geometrisk utforming av veg- og gatekryss gir føringar for korleis avkjørslar skal opparbeidast.

Der avkjørslar går over fortauskant skal fortauet senkast.

Ved større avkjørslar/kryss som bryter gjennomgåande fortau, skal fortauet i staden for nedsenkning av kantsteinen avrundast inn mot avkjørselen på kvar side.

Frisiktsoner for alle avkjørslane frå offentleg veg skal vera fri for alle sikthindringar høgare enn 0.5 m over hovudvegens nivå.

Prinsippskisse for krav til lengdeprofil (fall/stigning) for avkjørslar frå kommunal veg ligg på kommunen sin nettsider www.meland@kommune.no.

Adresse
Postboks 79
5906 Frekhaug
Besøksadr. Havnevegen 41 A
postmottak@meland.kommune.no

Telefon:
56 17 10 00

Telefaks:
56 17 10 01
avd. 56 17 11 61

Bankkonto:
1503.18.83722

Heimeside:
www.meland.kommune.no
Kartinformasjon:
www.nordhordlandskart.no

Avkjørslane må byggjast slik at overvatn frå avkjørslane ikkje renn inn i den offentlege vegen. Dei må også byggjast slik at overvatn frå dei offentlege vegane ikkje renn inn i avkjørslane.

Dersom avkjørsel avskjer open grøft skal det leggjast avlaupsrøyr, eller renne med rist, med minimum diameter 200 mm. Avlaupsrøyr, evt. renne, skal leggjast slik at veggroftas funksjon vert oppretthalde. Grøftevatnet skal ha fritt løp.

Avkjørslane skal i sin heilskap tilpassast hovudvegens lengde- og tverrprofil. Ei kvar tilpassing til hovudvegen skal gjerast på eigen eigedom utanfor hovudvegens areal.

Gangfelt

Der det går gangfelt over vegen skal fortauskant nedsenkast. Gangfelt og fortau skal utførast etter retningslinjer for universell utforming.

Tilsegn om overtaking

Veg 1 med fortau fram til kryss med veg 1.4, Veg 1.3, Gs-veg nr 1, Veg 2 med fortau, Veg 3 med fortau og Veg 4 med fortau når:

- Nemnde veganlegg er ferdig opparbeidd i medhald av reguleringsplan og utbyggingsavtale pkt. 5.2.
- Det skal vere råd å snu for lastebil i enden av det som skal bli kommunal veg.
- Veggrunn er vederlagsfritt overskøyt til kommunen.
- Overtakingsynfaring er gjennomført utan merknadar.

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Anny Bastesen
kommunalsjef

Jens Erik Dahl
Drifts- og vedlikehaldsleiar